

Møteprotokoll

Utval:	Kompetanse- og næringsutvalet
Møtestad:	Oppmøte kl 10.30: Kongsberg Maritime Brattvåg (Årsundvegen 24, 6270 Brattvåg) Saksbehandling kl 12.45: Haram vidaregåande skule
Dato:	13.05.2026
Tid:	kl 10:30 - 15:30

Faste medlemer som møtte:

Geir Asle Stenseth

Bente Bruun

Trygve Grydeland

Lovise Nikoline Voldsund

Inge Aukan

Kari Grindvik

Line Hatmosø Hoem

Jens Aklestad

Dordi Boksasp Lerum

Per Ivar Lied

Silje Alise Ness

Funksjon

Leiar

Nestleiar

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Representterer

FRP

H

H

FRP

KRF

V

AP

AP

SP

SP

UAVH

Forfall

Eirin Andersen Gravem

Knut Erik Engh

Representterer

AP

FRP

Varamedlem

Marit Aklestad

Ingen vara møtte

Representterer

SV

Frå sekretariatet:

Robert Løvik

seksjonsleiar

Andre som møtte på heile eller delar av møtet:	
Namn	Stilling
Dag Aarflot	Tilsattrepresentant
Ingunn Brevik	Tilsattrepresentant
Synne Strøm Astad	Elev- og lærlingombod
Erik Brekken	Kompetanse- og næringsdirektør
Hilde Aspås	Næringssjef
Øyvind Tveten	Rådgivar
Solveig Stornes	Rådgivar

Bedriftsbesøk kl 10.30 - 12.30:

Kongsberg Maritime Brattvåg (Årsundvegen 24, 6270 Brattvåg)

Saksbehandling kl 12.45:

Haram vidaregåande skule (Skuleråsa 10, 6270 Brattvåg)

Til innkallinga:

Ingen merknad til innkallinga.

Til saklista:

Forslag til tillegg:

Geir Asle Stenseth (FRP): Ålesund vidaregåande skole naturbruk

Per Ivar Lied (SP): Innspel/høyringsuttale revisjon forvaltingsplan jerv region 6

Saklista med dei to tilleggsakene blei godkjent

Orienteringer:

- Orientering og omvising ved rektor Håkon Sæterøy

- Status for Studiesenter Møre og Romsdal (ref. sak 53/25 i KON-utvalet) v/rådgivar Øyvind Tveten

- Høgare yrkesfagleg utdanning (HYU) i Møre og Romsdal - nye retningslinjer for den statlege tilskotsordninga til fagskulane v/rådgivar Solveig Stornes

Saksliste

Saksnr	Sakstittel	Ikkje offentleg
PS-21/26	Tilskot til siste prosjektår for omstillingsprogrammet i Sykkylven	
PS-22/26	Tilskot kvalifiseringsprosjekt mai	
PS-23/26	Næringsforeningen Ålesundsregionen - søknad om tilskot til forprosjektet "Fiskerihovedstaden Ålesund - i sentrum for bærekraftig turisme"	
PS-24/26	Nor-Fishing 2026 - Deltaking frå kompetanse- og næringsutvalet	
PS-25/26	Forslag til forskrift om cruiseavgift - høyring	
RS-04/26	Årsrapport Yrkesopplæringsnemnda 2025	
PS-26/26	Innspel/høyringsuttale revisjon forvaltingsplan jerv region 6	
SPU-	Spørsmål	
PS-27/26	Ålesund vidaregående skole naturbruk	
GP-	Godkjenning av protokoll	

PS 21/26 Tilskot til siste prosjektår for omstillingsprogrammet i Sykkylven

Kompetanse- og næringsutvalet 13.05.2026

Vedtak:

Møre og Romsdal fylkeskommune løyver eit tilskot på inntil 1,7 mill. kroner frå kap. 553 post 65 i Statsbudsjettet, til Sykkylven kommune for gjennomføring av sjette og siste året av omstillingsprosjektet.

Tilskotet er avgrensa til 47 prosent av totalkostnad og er gitt på vilkår av fullfinansiering.

Omstillingsprosjektet skal bli evaluert ved avslutning av prosjektperioden.

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 12 stemmer (100%) - AP 2, FRP 2, H 2, KRF 1, SP 2, SV 1, UAVH 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Møre og Romsdal fylkeskommune løyver eit tilskot på inntil 1,7 mill. kroner frå kap. 553 post 65 i Statsbudsjettet, til Sykkylven kommune for gjennomføring av sjette og siste året av omstillingsprosjektet.

Tilskotet er avgrensa til 47 prosent av totalkostnad og er gitt på vilkår av fullfinansiering.

Omstillingsprosjektet skal bli evaluert ved avslutning av prosjektperioden.

PS 22/26 Tilskot kvalifiseringsprosjekt mai

Kompetanse- og næringsutvalet 13.05.2026

Vedtak:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune tildeler til saman 2,4 mill. kroner i tilskot til følgjande kvalifiseringsprosjekt:

Søker	Tittel	Tilskot
Brødrene Sperre AS	Oppdrettstorsk som råstoff i klippfiskproduksjon	600 000
Norwegian Greentech AS	Sirkulær rensing og gjenbruk av tankvaskevann fra kjemikalietankere	600 000
SINTEF Nordvest	Representativt miljø- og operasjonsprofil for realistisk skipsdesign	600 000
Havila Kystruten AS	Datadrevet beslutningsstøtte for energieffektivisering av Kystruten	600 000
	SUM	2 400 000

2. Møre og Romsdal fylkeskommune gir avslag til følgjande søknader om tilskot til kvalifiseringsprosjekt:

Søkar	Tittel
Hav Pluss AS	Next-Gen Solutions for thriving aquaculture
Vard Design AS	Bow Optimization Process for Natural Sea Conditions
Sør-Norges Fiskarlag	Bærekraftig utnyttelse av pigghå som bifangst i kystfisket
Preplast Industrier AS	Testing av bølgepumpe utenfor Hustadvika
Firmenich AS	Healthy flavour compounds from Norwegian marcoalgae for seafood formulation
Hofseth Biocare AS	Ekstraksjon av høyverdi marine ekstrakter fra lakseorganer

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 12 stemmer (100%) - AP 2, FRP 2, H 2, KRF 1, SP 2, SV 1, UAVH 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune tildeler til saman 2,4 mill. kroner i tilskot til følgjande kvalifiseringsprosjekt:

Søker	Tittel	Tilskot
Brødrene Sperre AS	Oppdrettstorsk som råstoff i klippfiskproduksjon	600 000
Norwegian Greentech AS	Sirkulær rensing og gjenbruk av tankvaskevann fra kjemikalietankere	600 000
SINTEF Nordvest	Representativt miljø- og operasjonsprofil for realistisk skipsdesign	600 000
Havila Kystruten AS	Datadrevet beslutningsstøtte for energieffektivisering av Kystruten	600 000
	SUM	2 400 000

2. Møre og Romsdal fylkeskommune gir avslag til følgjande søknader om tilskot til kvalifiseringsprosjekt:

Søkar	Tittel
Hav Pluss AS	Next-Gen Solutions for thriving aquaculture
Vard Design AS	Bow Optimization Process for Natural Sea Conditions
Sør-Norges Fiskarlag	Bærekraftig utnyttelse av pigghå som bifangst i kystfisket
Preplast Industrier AS	Testing av bølgepumpe utenfor Hustadvika
Firmenich AS	Healthy flavour compounds from Norwegian marcoalgae for seafood formulation
Hofseth Biocare AS	Ekstraksjon av høyverdi marine ekstrakter fra lakseorganer

PS 23/26 Næringsforeningen Ålesundsregionen - søknad om tilskot til forprosjektet "Fiskerihovedstaden Ålesund - i sentrum for bærekraftig turisme"

Kompetanse- og næringsutvalet 13.05.2026

Vedtak:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune løyver Næringsforeningen Ålesundregionen eit tilskot på inntil 400 000 kroner frå Ramme 59: Tiltaksfondet, til forprosjektet "Fiskerihovedstaden Ålesund - i sentrum for bærekraftig turisme".
2. Tilskotet er avgrensa til 50 prosent av godkjente kostnader på 800 000 kroner.
3. Det er ein føresetnad at prosjektet blir fullfinansiert.
4. Det er vidare ein føresetnad at Visit Northwest, det nye fylkesdekkande destinasjonsselskapet, blir kopla tett på prosjektet.

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 12 stemmer (100%) - AP 2, FRP 2, H 2, KRF 1, SP 2, SV 1, UAVH 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune løyver Næringsforeningen Ålesundregionen eit tilskot på inntil 400 000 kroner frå Ramme 59: Tiltaksfondet, til forprosjektet "Fiskerihovedstaden Ålesund - i sentrum for bærekraftig turisme".
2. Tilskotet er avgrensa til 50 prosent av godkjente kostnader på 800 000 kroner.
3. Det er ein føresetnad at prosjektet blir fullfinansiert.

4. Det er vidare ein føresetnad at Visit Northwest, det nye fylkesdekkande destinasjonsselskapet, blir kopla tett på prosjektet.

PS 24/26 Nor-Fishing 2026 - Deltaking frå kompetanse- og næringsutvalet

Kompetanse- og næringsutvalet 13.05.2026

Vedtak:

Kompetanse- og næringsutvalet deltek på Nor-Fishing 2026 med følgande to representantar, inkludert vararepresentantar:

1. Line H Hoem
2. Geir Stenseth
3. Bente Bruun (vara)
4. Inge Aukan (vara)

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag som kom fram i møte

For: 12 stemmer (100%) - AP 2, FRP 2, H 2, KRF 1, SP 2, SV 1, UAVH 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Kompetanse- og næringsutvalet deltek på Nor-Fishing 2026 med følgande to representantar, inkludert vararepresentantar:

1.
2.
3. (vara)
4. (vara)

PS 25/26 Forslag til forskrift om cruiseavgift - høyring

Kompetanse- og næringsutvalet 13.05.2026

Tilråding:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til at det blir innført ei cruiseavgift på 100 kroner per passasjer per påbegynt 24-timars periode cruiseskipet ligg i hamn i kommunen eller set passasjerar i hamn i kommunen.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune er samd i at ordninga bør vere frivillig og at det er kommunane som avgjer om dei skal innføre ei slik ordning og korleis denne bør innrettast, mellom om anna om den skal gjelde for heile året eller avgrensast til bestemte månader.
3. Det kan vere hensiktsmessig med ei presisering i kva som ligg i "... kommunar med særleg stor belastning frå reiselivet", for eksempel i ein rettleiar til forskrifta.
4. For å avhjelpe kommunane, kan det vere hensiktsmessig å lage ein mal for kva som bør inngå i planen som kommunane må utarbeide før dei kan innføre cruiseavgifta.
5. Møre og Romsdal fylkeskommune ønsker at departementet legg fram løysingar for innføring av besøksbidrag for bubilar og andre dagsbesøkande.
6. Møre og Romsdal fylkeskommune inviterer regjeringa til å bruke verdsarvfjordane for å teste ut ulike modellar for styring av dagsbesøk i spesielt sårbare pressområde saman med lokale og regionale aktørar.

Behandling

Endra pkt 1 (inntil 100 kr), foreslått av Per Ivar Lied, Senterpartiet

Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til at det blir innført ei cruiseavgift på inntil 100 kroner per passasjer per påbegynt 24-timars periode cruiseskipet ligg i hamn i kommunen eller set passasjerar i hamn i kommunen.

Endra pkt 5, foreslått av Per Ivar Lied, Senterpartiet

Møre og Romsdal fylkeskommune ønsker at departementet legg fram løysingar for innføring av besøksbidrag for bubilar og andre dagsbesøkande.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **EF - Endra pkt 1 (inntil 100 kr)**

Per Ivar Lied (SP)

For: 3 stemmer (25%) - KRF 1, SP 2

Stemmer:

Per Ivar Lied (SP)

Dordi Boksasp Lerum (SP)

Inge Aukan (KRF)

Mot: 9 stemmer (75%) - AP 2, FRP 2, H 2, SV 1, UAVH 1, V 1

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **EF - Endra pkt 5**

Per Ivar Lied (SP)

For: 9 stemmer (75%) - AP 2, H 1, KRF 1, SP 2, SV 1, UAVH 1, V 1

Mot: 3 stemmer (25%) - FRP 2, H 1

Stemmer:

Geir Asle Stenseth (FRP)

Lovise Nikoline Voldsund (FRP)

Bente Bruun (H)

Votering nr 3 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag unntatt punkt 5**

For: 10 stemmer (83%) - AP 2, H 2, KRF 1, SP 2, SV 1, UAVH 1, V 1

Mot: 2 stemmer (17%) - FRP 2

Stemmer:

Lovise Nikoline Voldsund (FRP)

Geir Asle Stenseth (FRP)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til at det blir innført ei cruiseavgift på 100 kroner per passasjer per påbegynt 24-timars periode cruiseskipet ligg i hamn i kommunen eller set passasjerar i hamn i kommunen.
2. Møre og Romsdal fylkeskommune er samd i at ordninga bør vere frivillig og at det er kommunane som avgjer om dei skal innføre ei slik ordning og korleis denne bør innrettast, mellom om anna om den skal gjelde for heile året eller avgrensast til bestemte månader.
3. Det kan vere hensiktsmessig med ei presisering i kva som ligg i "... kommunar med særleg stor belastning frå reiselivet", for eksempel i ein rettleiar til forskrifta.
4. For å avhjelpe kommunane, kan det vere hensiktsmessig å lage ein mal for kva som bør inngå i planen som kommunane må utarbeide før dei kan innføre cruiseavgifta.
5. Møre og Romsdal fylkeskommune oppmodar departementet om å sjå på løysingar for innføring av besøksbidrag for bubilar og andre dagsbesøkande.
6. Møre og Romsdal fylkeskommune inviterer regjeringa til å bruke verdsarvfjordane for å teste ut ulike modellar for styring av dagsbesøk i spesielt sårbare pressområde saman med lokale og regionale aktørar.

RS 04/26 Årsrapport Yrkesopplæringsnemnda 2025

Kompetanse- og næringsutvalet 13.05.2026

Behandling

Utvalet tok saka til orientering.

PS 26/26 Innspel/høyringsuttale revisjon forvaltningsplan jerv region 6

Kompetanse- og næringsutvalet 13.05.2026

Vedtak/tilråding til fylkesutvalet:

Kompetanse- og næringsutvalet i Møre og Romsdal vil gi innspel til revisjonen av forvaltningsplan for rovvilt i region 6 Midt-Norge.

1. Forvaltningsplanen skal ivareta den todelte målsettinga i rovviltforlika frå 2004 og 2011:

- sikre levedyktige bestandar av dei store rovviltartane

- oppretthalde ei bærekraftig beitenæring – særleg småfehald i utmark, som er viktig for norsk landbruk, distriktsnæring og sjølforsyning.

Dette blir i dag ikkje etterlevd. Møre og Romsdal er Norges største tapsområde i tap av lam og sau til jerv. I 2025 var nesten halvparten av alle dokumenterte tap av lam og sau til jerv i Norge i Møre og Romsdal.

2. Høyringsutkastet seier at det så langt har vore vanskeleg å oppretthalde ein stabil delbestand av jerv med tre årlege ynglingar innanfor gjeldande forvaltningsområde i Møre og Romsdal. Påstanden er misvisande.

Rovdata, som har ansvar for det nasjonale overvåkningsprogrammet for rovvilt, reknar bestandsstatus for jerv utfrå tal dokumenterte ynglingar dei tre siste åra.

Med utgangspunkt i Rovdata sin beregningsmåte ligg Møre og Romsdal jamnt over på eller over det fylkesvise bestandsmålet for jerv sidan 2004 når ein teljer ynglingar i heile fylket. Gjennomsnittet dei tre siste åra – frå 2023 til 2025 – er eksempelvis 3 årlege ynglingar.

Det er vanskeleg å telje jerv og ynglingar, og i 2025 var det spesielt krevjande mellom anna på grunn av verforhold og avgrensa tid til registrering. Utfrå høge tapstal i Møre og Romsdal er det sannsynleg meir jerv enn det som blir talt.

3. Forslaget til revidert kapittel 2 i forvaltningsplan for rovvilt i region 6 legg til grunn at det fylkesvise bestandsmålet for jerv i Møre og Romsdal skal vere oppnådd *innanfor* forvaltningsområdet for jerv i fylket.

Kompetanse- og næringsutvalet meiner eit slikt krav vil gi eit urimelig høgt rovvilttrykk både i vår region og i tilgrensa regionar. Ein slik ordlyd vil innebære ein strengere forvaltningspraksis enn gjeldande forvaltningsplan der det heiter at «Alle ynglinger uavhengig om de befinner seg innenfor eller utenfor forvaltningsområdene telles med i forhold til å oppnå de regionale bestandsmålene». Fylket må her sjåast under eitt der det fylkesvise bestandsmålet er oppnådd

dersom det i snitt er registrert tre årlege ynglingar eller meir når beiteprioriterte område og forvaltningsområdet for jerv i Møre og Romsdal vert vurdert samla over ein treårs periode.

4. Av omsyn til framtidig beitebruk i Møre og Romsdal og den todelte målsettinga i rovviltforlika, bør rovviltnemnda utgreie om det er bærekraftig å ha eit fylkesvis bestandsmål på tre eller færre årlege ynglingar av jerv som grunnlag for framtidige revideringar av forvaltningsplanen for region 6.

Behandling

Innspel revisjon forvaltningsplan rovvilt/jerv region 6, foreslått av Per Ivar Lied, Senterpartiet

Kompetanse-og næringsutvalet i Møre og Romsdal vil gi innspel til revisjonen av forvaltningsplan for rovvilt i region 6 Midt-Norge.

1. Forvaltningsplanen skal ivareta den todelte målsettinga i rovviltforlika frå 2004 og 2011:

- sikre levedyktige bestandar av dei store rovviltartane

- oppretthalde ei bærekraftig beitenæring – særleg småfehald i utmark, som er viktig for norsk landbruk, distriktsnæring og sjølforsyning.

Dette blir i dag ikkje etterlevd. Møre og Romsdal er Norges største tapsområde i tap av lam og sau til jerv. I 2025 var nesten halvparten av alle dokumenterte tap av lam og sau til jerv i Norge i Møre og Romsdal.

2. Høyringsutkastet seier at det så langt har vore vanskeleg å oppretthalde ein stabil delbestand av jerv med tre årlege ynglingar innanfor gjeldande forvaltningsområde i Møre og Romsdal. Påstanden er misvisande.

Rovdata, som har ansvar for det nasjonale overvåkningsprogrammet for rovvilt, reknar bestandsstatus for jerv utfrå tal dokumenterte ynglingar dei tre siste åra.

Med utgangspunkt i Rovdata sin beregningsmåte ligg Møre og Romsdal jamnt over på eller over det fylkesvise bestandsmålet for jerv sidan 2004 når ein teljer ynglingar i heile fylket. Gjennomsnittet dei tre siste åra – frå 2023 til 2025 – er eksempelvis 3 årlege ynglingar.

Det er vanskeleg å telje jerv og ynglingar, og i 2025 var det spesielt krevjande mellom anna på grunn av verforhold og avgrensa tid til registrering. Utfrå høge tapstal i Møre og Romsdal er det sannsynleg meir jerv enn det som blir talt.

3. Forslaget til revidert kapittel 2 i forvaltningsplan for rovvilt i region 6 legg til grunn at det fylkesvise bestandsmålet for jerv i Møre og Romsdal skal vere oppnådd *innanfor* forvaltningsområdet for jerv i fylket.

Kompetanse- og næringsutvalet meiner eit slikt krav vil gi eit urimelig høgt rovvilttrykk både i vår region og i tilgrensa regionar. Ein slik ordlyd vil innebere ein strengere forvaltningspraksis enn gjeldande forvaltningsplan der det heiter at «Alle ynglinger uavhengig om de befinner seg innenfor eller utenfor forvaltningsområdene telles med i forhold til å oppnå de regionale bestandsmålene». Fylket må her sjåast under eitt der det fylkesvise bestandsmålet er oppnådd

dersom det i snitt er registrert tre årlege ynglingar eller meir når beiteprioriterte område og forvaltningsområdet for jerv i Møre og Romsdal vert vurdert samla over ein treårs periode.

4. Av omsyn til framtidig beitebruk i Møre og Romsdal og den todelte målsettinga i rovviltforlika, bør rovviltnemnda utgreie om det er bærekraftig å ha eit fylkesvis bestandsmål på tre eller færre årlege ynglingar av jerv som grunnlag for framtidige revideringer av forvaltningsplanen for region 6.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **NF - Innspel revisjon forvaltningsplan rovvilt/jerv region 6**

Per Ivar Lied (SP)

For: 12 stemmer (100%) - AP 2, FRP 2, H 2, KRF 1, SP 2, SV 1, UAVH 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

SPU Spørsmål

Kompetanse- og næringsutvalet 13.05.2026

Behandling

Lokalisering av naturbruk, fiske og fangst ved Ålesund vgs. Orientering om nytt fiskefartøy., foreslått av Bente Bruun, Høyre

Jeg vil be om at kompetanse- og næringsutvalget orienteres om nærstående flytteplaner for vgs fiske-og fangst, Ålesund. Jeg ber også om oppdatering på levering av nytt fiskefartøy. Vil dette være klart til bruk fra høsten 2026 og hvor skal dette ligge til kai?

Skoleklasser på tvers av fylkesgrensen , foreslått av Inge Aukan, Kristelig Folkeparti

Møre og Romsdal og Trøndelag har ulike avtaler om skoleplasser på tvers av fylkesgrensen.

I Avisa Sør Trøndelag står det å lese at Trøndelag fylkeskommune plutselig har gitt beskjed til kommende videregående elever fra tidligere Halså Kommune, i dag Heim kommune, ikke lenger har mulighet til å søke på skole i Kristiansund og Tingvoll.

Dette er betenkelig, særlig for de videregående skolene i Tingvoll, Kristiansund og ikke minst Surnadal.

Hva er status på samarbeidet om videregående skoleplasser mellom de to fylkeskommunene?

Næringsareal Hustadvika, foreslått av Per Ivar Lied, Senterpartiet

Hustadvika kommune har lenge arbeidd med ny arealplan, og vil mellom anna bevare og utvikle næringsområda i Malmefjorden og Jendem som allereie er regulerte til næringsformål.

Tilbakemeldinga frå fylkeskommunedirektøren er at Hustadvika har avsett for store areal til næring, at folketalsframskrivinga er negativ og at det derfor trengst mindre næringsareal.

Fylkeskommunedirektøren har og krevd at Hustadvika gjennomfører ei handelsanalyse. Kvar kjem kravet om handelsanalyse frå, og er det politisk gjort vedtak om slikt krav? På kva grunnlag vil fylkeskommunen rette innsigelse mot desse næringsareala?

Lokalisering av naturbruk, fiske og fangst ved Ålesund vgs, foreslått av Kari Grindvik, Venstre

Ber om at kompetanse og næringsutvalet vert orientert om kva vurderingar som vart lagt til grunn for vedtak om Ålesundsstrukturen i 2015 og eventuelle seinare vedtak knytt til naturbrukslinja, som leiinga ved Ålesund vidaregåande skole no arbeider med for å flytte naturbrukstilbodet frå sørsida av Ålesund, Volsdalsberga, til Gangstøvika på nordsida. Behov for trygg hamn til ny skulebåt som skal kome 2026/2027 er også ein del av saka.

I fiskerihovudstaden Ålesund ligg tilhøve til rette for at elevar kan få ein arena for praktisk testing, forskning og opplæring i eit ekte maritimt miljø. NTNU si etablering av eit flytande laboratorium og campus, vert forsterka ved at den nye skulebåten også har fått lovnad frå hamna om å få si plassering i sentrum.

Gangstøvika er eit eldre industriområde. Vegen frå lokasjonen til buss/kollektiv er om lag 1,5 km utan gatelys og fortau, og den har mykje tungtrafikk.

Ei plassering av naturbruk som del av sentrumsskolen på sørsida vil sikre at utdanninga ikkje vert ein satellitt, og slik samsvare saksutgreiinga til U 82-15 : Det marine Ålesund skal synleggjerast ved bygging av ny vidaregåande skole på sørsida.

Er det framtidsretta å satse på Gangstøvika som lokalisering av naturbruk eller er tida inne for å vurdere dette på nytt?

Fullføringsreform og elever med omfattende og langvarige opplæringsbehov, foreslått av Line Hatmosø Hoem, Arbeiderpartiet

Hvordan vurderer fylkesadministrasjonen konsekvensene av de utvidede rettighetene etter opplæringsloven og Fullføringsreformen for kapasitet, bemanning, investeringer og økonomisk bærekraft i den tilrettelagte videregående opplæringen for elever med omfattende og langvarige opplæringsbehov?

Innspel/høyringsuttale revisjon forvaltningsplan jerv region 6, foreslått av Per Ivar Lied, Senterpartiet

Foreslår dette som tilleggssak i møtet. Forslag innspel/høyringsuttale (bygg på interregionale høyringsuttalen frå fleire kommunar, ma Fjord og Rauma):

Kompetanse-og næringsutvalet i Møre og Romsdal vil gi innspel til revisjonen av forvaltningsplan for rovvilt i region 6 Midt-Norge.

1. Forvaltningsplanen skal ivareta den todelte målsettinga i rovviltforlika frå 2004 og 2011:

- sikre levedyktige bestandar av dei store rovviltartane

- *Oppretthalde ei bærekraftig beitenæring – særleg småfehald i utmark, som er viktig for norsk landbruk, distriktsnæring og sjølforsyning.*

Dette blir i dag ikkje etterlevd. Møre og Romsdal er Norges største tapsområde i tap av lam og sau til jerv. I 2025 var nesten halvparten av alle dokumenterte tap av lam og sau til jerv i Norge i Møre og Romsdal.

2. Høyringsutkastet seier at det så langt har vore vanskeleg å oppretthalde ein stabil delbestand av jerv med tre årlege ynglingar innanfor gjeldande forvaltningsområde i Møre og Romsdal. Påstanden er misvisande.

Rovdata, som har ansvar for det nasjonale overvåkningsprogrammet for rovvilt, reknar bestandsstatus for jerv utifrå tal dokumenterte ynglingar dei tre siste åra.

Med utgangspunkt i Rovdata sin beregningsmåte ligg Møre og Romsdal jamnt over på eller over det fylkesvise bestandsmålet for jerv sidan 2004 når ein teljer ynglingar i heile fylket. Gjennomsnittet dei tre siste åra – frå 2023 til 2025 – er eksempelvis 3 årlege ynglingar.

3. Forslaget til revidert kapittel 2 i forvaltningsplan for rovvilt i region 6 legg til grunn at det fylkesvise bestandsmålet for jerv i Møre og Romsdal skal vere oppnådd *innanfor* forvaltningsområdet for jerv i fylket.

Kompetanse- og næringsutvalet meiner eit slikt krav vil gi eit urimelig høgt rovvilttrykk både i vår region og i tilgrensa regionar. Ein slik ordlyd vil innebære ein strengere forvaltningspraksis enn gjeldande forvaltningsplan der det heiter at «Alle ynglinger uavhengig om de befinner seg innenfor eller utenfor forvaltningsområdene telles med i forhold til å oppnå de regionale bestandsmålene». Fylket må her sjåast under eitt der det fylkesvise bestandsmålet er oppnådd dersom det i snitt er registrert tre årlege ynglingar eller meir når beiteprioriterte område og forvaltningsområdet for jerv i Møre og Romsdal vert vurdert samla over ein treårs periode.

4. Av omsyn til framtidig beitebruk i Møre og Romsdal og den todelte målsettinga i rovviltforlika, bør rovviltnemnda utgreie om det er bærekraftig å ha eit fylkesvis bestandsmål på tre årlege ynglingar av jerv som grunnlag for framtidige revideringar av forvaltningsplanen for region 6.

Ålesund videregående skole naturbruk, foreslått av Geir Asle Stenseth, Fremskrittspartiet

Kompetanse- og næringsutvalget ber administrasjonen utrede en sak der en vurderer om blå linjer ved Ålesund vgs. fortsatt kan ha tilhold i nåværende lokaler på Voldstadsberga. Frem til at resten av Ålesund vgs. flytter ut av lokalene en gang i fremtiden. Dette vil ikke berøre vedtaket om Ålesundsstrukturen.

Begrunnelse: Begrunnelsen for en snarlig utflytting til gangstøvika er plassering av ny undervisningsbåt. Båten kan få kai og liggeplass i Ålesund sentrum. Undervisningsflåten til NTNU kan være en slik plass. NTNU, Ålesund Havnevesen, Sunnmøre næringsforening, og rederiorganisasjonen Fiskebåt støtter ønsket om fortsatt tilstedeværelse i nåværende lokaler.

Spørsmåla blei svart ut i møte.

Trygve Grydeland (H) fekk permisjon - 11 voterande.

PS 27/26 Ålesund videregående skole naturbruk

Kompetanse- og næringsutvalet 13.05.2026

Vedtak:

Kompetanse- og næringsutvalget ber administrasjonen utrede en sak der en vurderer om blå linjer ved Ålesund vgs. fortsatt kan ha tilhold i nåværende lokaler på Voldstadsberga. Frem til at resten av Ålesund vgs. flytter ut av lokalene en gang i fremtiden. Dette vil ikke berøre vedtaket om Ålesundsstrukturen.

Begrunnelse: Begrunnelsen for en snarlig utflytting til gangstøvika er plassering av ny undervisningsbåt. Båten kan få kai og liggeplass i Ålesund sentrum. Undervisningsflåten til NTNU kan være en slik plass. NTNU, Ålesund Havnevesen, Sunnmøre næringsforening, og rederiorganisasjonen Fiskebåt støtter ønsket om fortsatt tilstedeværelse i nåværende lokaler.

Behandling

Ålesund videregående skole naturbruk , foreslått av Geir Asle Stenseth, Fremskrittspartiet

Kompetanse- og næringsutvalget ber administrasjonen utrede en sak der en vurderer om blå linjer ved Ålesund vgs. fortsatt kan ha tilhold i nåværende lokaler på Voldstadsberga. Frem til at

resten av Ålesund vgs. flytter ut av lokalene en gang i fremtiden. Dette vil ikke berøre vedtaket om Ålesundsstrukturen.

Begrunnelse: Begrunnelsen for en snarlig utflytting til gangstøvika er plassering av ny undervisningsbåt. Båten kan få kai og liggeplass i Ålesund sentrum. Undervisningsflåten til NTNU kan være en slik plass. NTNU, Ålesund Havnevesen, Sunnmøre næringsforening, og rederiorganisasjonen Fiskebåt støtter ønsket om fortsatt tilstedeværelse i nåværende lokaler.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **NF - Ålesund videregående skole naturbruk**

Geir Asle Stenseth (FRP)

For: 10 stemmer (91%) - AP 2, FRP 2, H 1, KRF 1, SP 1, SV 1, UAVH 1, V 1

Mot: 1 stemme (9%) - SP 1

Stemmer:

Dordi Boksasp Lerum (SP)

GP Godkjenning av protokoll

Kompetanse- og næringsutvalet 13.05.2026

Vedtak:

Utvalet ga utvalsleiar fullmakt til å godkjenne protokollen.

Behandling